Laila Bjørge
Landbrukssjef
Meland kommune
Postboks 79,
5906 Frekhaug

1.9.2014

**Søknad om oppføring av våningshus på gnr/bnr 27/2**

Søkjar ynskjer å føra opp eit våningshus som er tiltenkt dottera og mannen hennar, ettersom dei ynskjer å overta garden på sikt. Det er per dags dato ikkje våningshus på garden. Ei oppføring av eit våningshus vil gjera det mogeleg for dei å starta forvaltinga og drifta av garden allereie no.

Garden har vore ute av drift i nokre år, og søkjar meiner det er viktig å halda jordbruksarealet i hevd. Søkjar ser at ut- og innmark har nytte av at det eventuelt kjem dyr på garden att og at fleire generasjonar kan vera med å forvalta ressursane. Dei store areala dekka med skog kring innmark og busetnad krev vedlikehald for å hindra attgroing og halde innmarksarealet ved like. Vidare har driftsbygninga på garden eit behov for renovering. Dottera mi og mannen hennar ynskjer å forvalta og ta hand om desse arealressursane, samt renovera driftbygningen for vidare bruk. For at dette skal vera mogeleg å gjennomføra, er det naudsynt med oppføring av eit våningshus på garden.

Det tiltenkte området for eit eventuelt våningshus har landbruksnemnda i Meland tidlegare tilrådd frådeling av området til bustadføremål, då denne delen av garden er mindre skikka til jord- og skogsføremål. Dette er stadfesta i vedlegg 1.

Ein innvilga søknad vil sørgja for ei vidareføring av garden i familien og samt sikra ei vidare forvalting av bruket.

Med vennleg helsing

Stein -Olav Sagstad

Stein Olav Sagstad

# MØTEBOK KOPI

**Vedlegg 1**
Lbn./Fl.st. **Side**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Landbruksnemnde: i Meland | | Fylkeslandbruksstyre | |
| Møte: 29/8 1985 | Sak: 12568500059 DEL | Møte | Sak |
| Reg.nr.: 128/85 | Tidl. sak | Reg.nr. | Tidl. sak |

Søknad om frådeling av 3 - bustad parsell(er) ca. 5,5 da

Søknad om omdisponering av parsell(er) da

fra eiendommen Moldekleiv

| G.nr. | B.nr. | Kommune |
|---|---|---|
| 27 | 2 | Meland |

| Eier(e) | Adresse |
|---|---|
| Mons Olsvoll | 5110 Frekhaug |

| Kjøper(e) | Adresse |
|---|---|
| Ikkje oppgjeve | |

**Arealoppgave**

| | Bruket | Arealklassifisering | Parsell(ene) | Arealklassifisering |
|---|---|---|---|---|
| Fulldyrket | da | ☐ A ☐ B | da | ☐ A ☐ B |
| Overflatedyrket/gjødslet beite | 10 da | | da | |
| Prod.skog/plantemark | 90 da | | 5,5 da | |
| Annet areal | 10 da | | da | |
| Areal i alt | ca. 110 da | | 5,5 da | |
| Dyrkbart | da | ☐ A ☐ B | da | ☐ A ☐ B |

**Bruksmåte**

Bruket er: ☐ Familiebruk ☒ Støttebruk ☐ Ikkje jordbruk ☐ Bortlei[...]

Bruket ligger i et område med: ☐ Middels gode jordbruksvilkår ☒ Dårlige jordbruksvilkår ☐ Gode jordbruksvilkår ☒ Økende el. stabilt folketall ☐ Nedgå[...] folketa[...]

**Formålet med frad./omdisp.**

☐ Skogplanting ☒ Boligformål ☐ Hytte/fritidshus
☐ Tilleggsjord ☐ Industri ol. ☐ Kirke, skole, helse, idrett ol.
☐ Tilleggsskog ☐ Veger/samferdsel ☐ Andre formål

**Saksutredning**

Parsellane ligg på S og H bonitet, delvis bestokka med lauvskog.

Landbruksnemnda var på synfaring saman med søkjaren og førstesekretær Roald Bjørndal i Meland kommune.

Området som er søkt frådelt som bustadparsellar ligg mellom tidlegarefrådelte hytteparsellar. Dette gjer at arealet er mindre skikka til jord/skogføremål.

<u>Samrøystes vedtak:</u>

Landbruksnemnda i Meland kan tilrå frådeling av det omsøkte areal, mot at dette vert regulert til bustadføremål.

? ? ?

| Sign. (Lbn.) | Sign. (Fl.st.) | Utskrift sendt til: |
|---|---|---|
| Magne Askeland | | |

...000. 8.82. e.s.trykk-Oslo
M-393 TRE

**Foreslått område for oppføring av våningshus**

**Vedlegg 2**

# SITUASJONSKART

MELAND KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Gnr/Bnr: | 27/ 2 |
| Adresse: | Drageneset |
| Eigar/søkar: | Stein-Olav Sagstad |
| Kvalitet : | FKB-B |
| Gjeldande plan : | Kommuneplan |
| Planformål : | LNF |
| Vår referanse: | Amg |

Sign. ..................................................

N

Målestokk: 1:1000

Dato: 13.09.2013

Gjerde

Usikker eigedomsgrense

Målt eigedomsgrense

Bolighus

Andre bygg




# ITUASJONSPLAN

Tiltak

Underskrift Situasjonsplan Dato